



Dei 3 beste på Stemneplassen etter premieutdelinga

Som ifjor vart det seier til Trøndelag i NM i bandhund, som fekk ein svært vellukka avvikling i Kvinnherad og med Uskedalen som base. Standarden var høgare enn nokon gong før. Morten Midtflå leia Cimba til topps og på andreplassen kom ein annan trønder - Trond A. Nilsen med Loshundens Nt Nera. På tredjeplassen finn ein hedmarkingen Eivind Moen Rønning med Rambo. Det var svært liten skilnad i prestasjon mellom dei 3 og ein opplevde også det sjeldne at ein nådde 100 poeng, nemlig Ellen Merete Krogstad frå Sørumsund i Akershus. Medan fyrste dagen av tevlinga var våt, var det strålende ver i dag med unntak av den fyrste timen og dei 27 deltakarane og deira dommarar og hjelparar var utan unntak svært fornøgde med tevlinga. Det var også arrangørane som runda av med ein flott festmiddag på Helgheim etter premieutdeling på Stemneplassen dit alle marsjerte frå Grano.



[NM-flokken gjekk samla til premieutdelinga](#)

Frå høgaste hald i organisasjonen vert det gjeve uttrykk for at det har vore ei kjempegod organisering av tevlinga, Det har også vore gode terreng og mogeleg å obserera 12-15 dyr på ein time. Deltakarar som uskedalen.no har hatt kontakt med gjev uttrykk for at det har vore ei triveleg meisterskapshelg som har vist at arrangørane kan sine ting.

2 frå Kvinnherad var med og Tore Storhaug plasserte seg som nummer 7 og Arne Hansen som, nummer 26



Vossingen Knut Opheim var svært tilfreds med sin NM-innsats og med opphaldet i Uskedalen Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ellen Merete Krogstad klarte 100 poeng!